



**Kommunen har no lagt saka om byggjing av fritidsbustad på Ytre Eik for Anna Bjørkvoll på vent inntil ho er tilstrekkeleg dokumentert.
Det har Byggpartner Kvinnherad fått melding om.**

Saka kan ikkje behandlast som enkelt tiltak då søknaden ikkje er i tråd med føresegnene til reguleringsplanen og då det ikkje er gjeve løyve til teknisk anlegg enno.

Teknisk anlegg må godkjennast før saka blir behandla og ho må også behandlast politisk då takvinkel, gesimshøgde og mønehøgde ikkje er i tråd med føresegnene til reguleringsplanen.

Før saka kan behandlast lyt det i tillegg liggje føre godkjenning av kryss mot offentleg veg frå Statens vegvesen og dei må gje dispensasjon frå byggjegransa langs riksvegen, opplyser saksbehandlar Anne Lise Næs Olsen.

Også når det gjeld tekniske anlegg generelt i dette området har saksbehandlaren peika på at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst eller dokumentert til at saka kan behandlast.

Her er det ei rekkje manglar, mellom anna løyve til å knyte seg til offentleg vassverk og løyve til utsleppsleidning til sjø frå Kystverket

Av Ola Matti Mathisen